

Møteprotokoll

Utval: **Følgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Sundal, Mauranger Kro og Gjestetun
Dato: 12.09.2018
Tidspunkt: 09:30 – 12:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Representerar |
|------------------|----------|-------------------------|
| Solfrid Borge | Medlem | Ullensvang herad |
| Benthe Bondhus | Medlem | Hordaland fylkeskommune |
| Leif Sverre Enes | Medlem | Kvinnherad kommune |
| Roald Aga Haug | Medlem | Odda kommune |

Følgjande medlemmar hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerar |
|------------------|----------|----------------|
| Jon Larsgard | MEDL | Jondal kommune |
| Siri Klokkestuen | MEDL | Etne kommune |

Følgjande varamedlemmar møtte:

| Namn | Møtte for | Representerar |
|----------------|------------------|---------------|
| Ingemund Berge | Siri Klokkestuen | Etne kommune |

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---------------------|-----------------------|
| Astrid Bakke Haavik | Nasjonalparkforvaltar |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 20/18 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 21/18 | Underskrift av protokoll frå førre møte | | |
| ST 22/18 | Strategi for handsaming av dronesaker - Folgefonna nasjonalparkstyre | | 2018/1178 |
| ST 23/18 | Referatsak | | |
| ST 24/18 | Eventuelt | | |
| ST 25/18 | Delegerte saker | | |
| DS 14/18 | Framlegg - Søknad om motorferdsel til persontransport og filmutstyr for filminnspilling ved Bondhusvatnet - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre | | 2018/9917 |
| DS 15/18 | Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Helikoptertransport av felt hjort - Sandvikedalen/Mosdalen og Hjortedalen | | 2018/5685 |
| DS 16/18 | Spørsmål om tillatelse til å filme med drone - Folgefonna nasjonalpark - Reinanuten | | 2018/9223 |

ST 20/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2018

Vedtak

Protokoll og innkalling vart godkjent.

ST 21/18 Underskrift av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2018

Vedtak

Protokoll frå møte 22.06.2018 og 25.06.2018 vart underskrive.

ST 22/18 Strategi for handsaming av dronesaker - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2018

Vedtak

Strategi for handsaming av dronesaker vart samrøystes vedteke:

Strategi for handsaming av søknader om å fly med drone

Droneflyging er forbode i Folgefonna nasjonalpark etter § 3 punkt 7.2:

«7.2 Støy -Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.»

Det er ingen spesifikke dispensasjonsreglar i verneforskriftene knytt til droneflyging. Ein må derfor vurdere søknader etter den generelle unntaksregelen § 4, jf. § 48 i naturmangfaldslova. Det er strenge vilkår for å bruke denne og regelen skal ikkje brukast til å uthole innhaldet i vernereglane. Utgangspunktet for all handsaming er føremålsparagrafen for verneområdet.

«§ 2. Formål

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- ta vare på verdfull vassdragsnatur
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige geologiske førekomstar
- sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.»

Folgefonna nasjonalparkstyre vil nytte desse retningslinene for handsaming av søknader om å fly med drone i verneområda.

| Type søknad | Løyve? | Vilkår ved ja / grunngjeving på avslag | Eksempelsaker ephorte |
|--|----------------|--|-----------------------|
| Forsking, naturdokumentasjon | Ja, med vilkår | Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet | |
| Naturprogram, Formidling av Folgefonna | Ja, med vilkår | Styre unna sårbare område på sårbare årstider Ikkje forstyrre friluftslivet | |

| | | | |
|--|--|---|---|
| Overordna marknadføring til reiselivsdestinasjon | Ja, med vilkår | Avgrense tid og ikkje forstyrre friluftslivet | 2017/10867 |
| Enkeltbedrift med aktivitet i verneomr. | Nei, krav om samordna søknad for reiselivsselskap/destinasjon | Merknad: Eit unntak for breføring i brukssone, for å understreke behov for trygg ferdsel, med førar. | 2018/7321 2018/4927 2018/3881 (alle desse har fått løyve, men det var eit overgangstilfelle) |
| Arrangement/konkurransar, promoteringsvideo | Ja, med vilkår | Avgrensing av omfang ved at det skal gå 3-5 år mellom kva filming. | |
| Aktivitetsfirma turdokumentasjon for grupper | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Private turar , film for sosiale media - Facebook , You Tube | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Nyheits-formidling (Riksmedia) | Strengje vilkår | Må vera ein alvorleg situasjon av stor allmenn interesse | |
| Underhaldningsprogram (Riksmedia) | Nei, men kan i spesielle tilfelle ha særleg marknadføringsverdi eller fokus på naturverdiane. Må vere knytt til staden/turistmålet | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Spelefilm | Nei | Presedensverknad, ikkje grunnlag for å bruke § 48 da det vil uthole innhaldet i vernereglane, jf. nml § 10 samla belastning | |
| Reklame | Nei | Reklame kan leggjast utanom verneområde, eller avgrensast til opptaksformer som ikkje utløyser behov for disp. | |

| | | | |
|---|--|-------------------------------|------------|
| Tiltak der det er opna for motorferdsel i verneforskrifta | | | |
| § 3 pkt 6.3 b) Motorferdsel i samband med husdyrhald | Ja til ettersyn ved mogleg skårfeste om ein elles ville nytta helikopter | Avgrensa i fyketid og tidsrom | |
| § 3 pkt 6.3 i) Nødvendig motorferdsel i samband med drift, vedlikehald, og oppgradering/fornyning av eksisterande energi- og kraftanlegg jf § 3 punkt 1.2. b) nr 1 og 3. | Ja, i tilfelle der ein elles ville nytta helikopter vert det gitt løyve med tilsvarande vilkår | | 2017/14854 |

ST 23/18 Referatsak

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2018

Referatsaker

Brukarundersøking – Status

- Opp mot 10 000 svar.
- Kassane er planlagt teke inn første veka i oktober
- Har hatt ein sommarvikar tilsett i juli for å drifte kassene og punsje 5000 skjema.
- No er det tre punsjarar som arbeider med å punsje resten av skjema. Total kostnad vert på rundt 100 000. Arbeidet er organisert gjennom Folgefonnssenteret.
- Etterundersøking og rapport
 - Etterundersøking og analyse av data med rapport vert gjort av Oslo Economics. Dei har ein rammeavtale med Miljødirektoratet og FM skriv under kontrakt
 - Har utarbeidd avtale, ramme 200 000,-, søker om dette for 2019
 - Spørsmål: Vil styret at dei skal komme og presentere rapporten våren 2019, eller er det greitt nok om dei lagar ein presentasjon som vi tek opp på eit styremøte?
 - Rapporten skal vere klar i februar

Oversikt over tildelte midlar

- Tiltaksmidlar: tildelt 410 000 - alle desse vert nytta som omsøkt
- Driftsmidlar og midlar til besøksstrategi
 - 69 000 igjen på dette budsjettet.
 - Går til både dekning av driftsutgifter og utgifter med besøksstrategi. Noko utgifter til etterundersøkinga i år.

Motorferdsel

- Kontakt med Statkraft og SKL om motorferdsel i verneområda
 - Finn ikkje løyva deira. Ikkje fått tilbakemelding, har purra på begge to.

Dronesaker over sommaren

- Tre saker som kom så seint at eg ikkje rakk å handsame
 - NRK, National Geographic og ein privatperson frå Spania

Orientering frå Friluftsrådet Vest

Oddvin Øvernes frå Friluftsrådet Vest kom og orienterte om deira verksemd og virkemiddel for å legge til rette på friluftsområde i vertskommunane. Friluftsrådet har gjennom fleire år stått for drifta av sanitæranlegg i Bondhusdalen.

Vi legg ved årsrapporten til friluftsrådet.

Kristian Helgesen som er nyttilsett i Kvinnherad kommune med ansvar for idrett, folkehelse og friluftsliv. Han orienterte kort om si stilling og om kva moglegheiter som ligg for å finansiere parkeingsplassar og annan infrastruktur på innfallsportar for friluftsliv.

ST 24/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2018

Vedtak

ST 25/18 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.09.2018

Vedtak

Ingen merknader til delegerte vedtak.

DS 14/18 Framlegg - Søknad om motorferdsel til persontransport og filmutstyr for filminnspilling ved Bondhusvatnet - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre 2018/9917

DS 15/18 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Helikoptertransport av felt hjort - Sandvikedalen/Mosdalen og Hjortedalen 2018/5685

DS 16/18 Spørsmål om tillatelse til å filme med drone - Folgefonna nasjonalpark - Reinanuten 2018/9223